



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vår dato: 25.06.2021
Dykkar dato: 18.06.2021
Vår ref: 2021/9455
Dykkar ref: 21/4718

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 239/8 Eknes Indre - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 18.06.21. Saka gjeld søknad om arealoverføring av om lag 1200 m² frå gnr. 239 bnr. 8 til gnr. 239 bnr. 106 samt dispensasjon frå arealformål LNF- spreidd i kommuneplan for tidlegare Lindås kommune.

Statsforvaltaren si vurdering

Plan- og bygningslova § 19-2 er endra og endringane trer i kraft frå 01.07.2021. Endringane er gjort for å forenkle føresegna og for å gjøre det tydlegare at ein ikkje kan dispensera om nasjonale eller regionale omsyn vert vesentleg tilsideset. Kommunen skal truleg handsame denne dispensasjonen etter at endringane er trådd i kraft, og vi viser difor til ny føresegn.

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensesert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsideset. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd. Dette er rettsbruk og ikkje kommunalt forvaltningskjønn.

Gnr. 239 bnr. 8 er registrert med eit areal på 116 da i matrikkelen. På arealet som vert søkt arealoverført er oppført annan landbruksbygning. På gnr. 238 bnr. 106 er registrert våningshus brukt som fritidsbustad. Dette bygget var våningshuset på garden men i samband med frådeling av bnr. 106 i 1991 vart det i sakshandsaminga til fylkeslandbrukssjefen slått fast at bnr. 8 var sikra våningshus på bnr. 44.

I denne saka vil omsyn til landbruket stå sentralt. Etter det vi kan sjå vil landbrukseigedomen etter frådeling stå igjen heilt utan bygningar. Vi vurderer dette som uheldig. Det er ikkje opplyst kva type landbruksbygningar ein søker å dele ifrå, eller korleis areala på landbrukseigedomen er drifta i dag. Landbrukseigedomen ser ut til å bli tappa for resursar ved ein dispensasjon i saka. Samstundes er samlokaliseringa av fritidsbustaden og driftsbygning uheldig i dag. Saka er noko därleg opplyst, men vår foreløpige vurdering er at kommunen bør vurdere om eit vilkår om at resten av landbrukseigedomen vert seld til eit gardsbruk i drift, kan vere ein god løysing i denne saka.

Statsforvaltaren ber om å få saka til klagevurdering.



Med helsing

Arve Meidell
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjever

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN